

## Tabell B-k

### Inntektsgarantiordninga for kommunane 2023

Inntektsgarantiordninga (INGAR) skal sikre at ingen kommunar har ein berekna vekst i rammetilskotet frå eit år til det neste som er meir enn 400 kroner per innbyggjar lågare enn berekna vekst på landsbasis, før finansieringa av sjølve ordninga. Ordninga blir finansiert med eit likt trekk per innbyggjar frå alle kommunar.

Inntektsgarantiordninga ser på den totale endringa i rammetilskotet. Kommunar med låg vekst i rammetilskotet vil med INGAR få kompensasjon uavhengig av om den låge veksten skuldast innlemming av øyremerkte tilskot, systemendringar, nedgang i folketalet, endringar i regionalpolitiske tilskot, endringar i kriteriedata eller andre forhold.

Endringar i inntektene som følgje av endra skatteutjamning eller skatteinnfang blir ikkje kompenserte gjennom inntektsgarantiordninga. Endringar i skjønstilskotet, veksttilskotet, regionsentertilskotet eller saker med særskild fordeling (tabell C-k) blir heller ikkje kompenserte gjennom INGAR, sidan dette er tilskot som blir gjeve til særskilde føremål eller i ein tidsavgrensa periode.

Kommunar som slår seg saman får kompensasjon for reduksjonen i rammetilskotet som følgje av samanslåinga. Kompensasjonen gjeld bortfall av basistilskot og netto nedgang i distriktstilskot som følgje av samanslåing. Kompensasjonen blir i sin heilskap gjeve gjennom inndelingstilskotet og vil òg inngå i grunnlaget for berekninga av inntektsgarantiordninga i inntektssystemet. Kommunar som slår seg saman får dermed ikkje kompensasjon både gjennom inndelingstilskotet og INGAR. Kommunar får heller ikkje kompensasjon gjennom INGAR for endringar i innbyggjartilskotet som følgje av grenseendringar.

#### Berekning av INGAR

Inntektsgarantiordninga for 2023 blir berekna med utgangspunkt i rammetilskotet til kommunane etter revidert nasjonalbudsjett 2022. Dette rammetilskotet blir korrigert for skjønstilskot, veksttilskot og regionsentertilskot i 2022, og saker med særskild fordeling i 2022 med unntak av inndelingstilskotet. Saker med særskild fordeling er viste i tabell C-k i Grønt hefte for 2022. Rammetilskotet i 2022 er også korrigert for koronatiltak i 2022 (kol. 7). Rammetilskotet i 2022 er vidare justert for korreksjonar i rammetilskotet i 2023 (kol. 8 og kol. 9), slik at rammetilskota for dei to åra er samanliknbare.

Rammetilskotet til kommunane i 2023 blir tilsvarande korrigert for skjønstilskot, veksttilskot og regionsentertilskot i 2023, og saker med særskild fordeling i 2023, med unntak av inndelingstilskotet. Deretter blir den korrigerde veksten frå 2022 til 2023 berekna, på landsbasis og for kvar einskild kommune.

Den korrigerde, nominelle, veksten på landsbasis frå 2022 til 2023 er på 2 112 kroner per innbyggjar. Dersom ein kommune har ein korrigert vekst i rammetilskotet som er lågare enn 1 712 kroner per innbyggjar, får kommunen tilskot gjennom inntektsgarantiordninga tilsvarande differansen mellom eigen vekst i rammetilskotet og

ein vekst på 1 712 kroner per innbyggjar. Alle kommunar er med og finansierer INGAR gjennom eit trekk i innbyggjartilskotet. I 2023 utgjer finansieringa 41 kroner per innbyggjar. INGAR blir berekna på grunnlag av innbyggjartal per 1. juli 2022.

### **Kolonne 1 – Rammetilskot 2022**

Kolonne 1 viser rammetilskot til kommunane etter revidert nasjonalbudsjett 2022, eksklusive ufordelte skjønsmidlar. Kolonnen inkluderer ekstraordinære løyvingar til koronatiltak over post 60 *Innbyggjartilskot*, men ikkje koronatiltak over post 64 *Skjønstilskot*.

### **Kolonne 2 – Skjønstilskot 2022**

Kolonne 2 viser skjønsmidlar fordelte av statsforvaltaren. Kolonnen inneheld ikkje ufordelte skjønsmidlar, skjønsmidlar til koronatiltak o.a. Skjønstilskot inngår ikkje i berekninga av inntektsgarantiordninga og må trekkjast ut av rammetilskotet for 2022 i berekninga av ordninga.

### **Kolonne 3 – Saker med særskild fordeling 2022**

Kolonne 3 viser fordelinga av 8 einskilde saker med særskild fordeling i 2022. Fordelinga i kolonnen er ytterlegare omtalt i tabell C-k i Grønt hefte 2022 og i rundskriva etter statsbudsjettet og revidert nasjonalbudsjett for 2022, H-2/22 og H-4/22 frå Kommunal- og distriktsdepartementet. Saker med særskild fordeling inngår ikkje i berekninga av inntektsgarantiordninga og må trekkjast ut av rammetilskotet for 2022 i berekninga av ordninga.

### **Kolonne 4 – Veksttilskot 2022**

Kolonne 4 viser veksttilskotet i 2022. Tilskotet er dokumentert i tabell D-k i Grønt hefte 2022. Veksttilskotet inngår ikkje i berekninga av inntektsgarantiordninga og må trekkjast ut av rammetilskotet for 2022 i berekninga av ordninga.

### **Kolonne 5 – Regionsentertilskot 2022**

Kolonne 5 viser regionsentertilskotet i 2022. Tilskotet er dokumentert i tabell 1-k i Grønt hefte 2022. Regionsentertilskotet inngår ikkje i inntektsgarantiordninga og må korrigerast ut av rammetilskotet for 2022 før utrekninga av ordninga.

### **Kolonne 6 – Inndelingstilskot 2022**

Kolonne 6 viser inndelingstilskotet i 2022. Tilskotet er ein av sakene med særskild fordeling (kolonne 4) som blir halden utanfor berekninga av inntektsgarantiordninga. Men inndelingstilskotet skal inngå i grunnlaget for ordninga, og blir difor lagt til i berekninga av inntektsgarantiordninga, etter at saker med særskild fordeling er trekte frå.

### **Kolonne 7 – korreksjon korona 2022**

Kolonne 7 inkluderer midlar til beredskap for testing, kostnader til vaksinasjonsprogrammet og til kvalifiseringsprogrammet. Midlane ligg inne i rammetilskotet i 2022, men er ikkje vidareført i 2023. Desse korrigerast derfor ut av rammetilskotet i 2022.

## Kolonne 8 – Sum korreksjonar utan inngåande fordeling

Kolonne 8 viser summen av korreksjonar i rammetilskotet i 2023 utan inngåande fordeling som det blir korrigerert for i berekninga av inntektsgarantiordninga for 2023. Korreksjonane er fordelte etter kostnadsnøkkelen. Korreksjonar for tabell C-saker og skjønstilskotet er ikkje inkluderte i tabellen.

Tabellen under gjev ei oversikt over dei ulike sakene det blir korrigerert for i 2023 (beløp i 2022-kroner). Sjå Prop. 1 S (2022–2023) frå Kommunal- og distriktsdepartementet for ein nærare omtale av sakene rammetilskotet er korrigerert for.

<b>Korreksjonar i 2023 (beløp i 2022-kroner)</b>	<b>(1 000 kr)</b>
Barnevernsreforma, kostnadsnøkkel	239 996
Nasjonalt økonomisk tilsyn med private barnehagar	-1 929
Godtgjering av sakkunnige og tolk som følgje av ny barnevernlov	-18 322
Gratis barnehageplass frå tredje barn i familien	19 286
Gratis deltids plass i SFO på 1. trinn – heilårseffekt av endring i 2022	767 000
Auka sosialhjelpsutgifter som følgje av redusert dagsats for tiltakspengar	17 000
Kompensasjon for kostnader til forvaltning og drift av nasjonale e-helseløysingar – eingongsløyving for 2022	-8 000
Kompensasjon for kostnader til forvaltning og drift av nasjonale e-helseløysingar i 2023	17 221
Barnekoordinator – heilårseffekt av endringa i 2022	80 000
Ytterlegare reduksjon i maksimal foreldrebetaling i barnehagen i 2023	317 406
Gevinstar knytt til nytt prøvegjennomføringssystem i skulen	-11 475
Ny opplæringslov – regelendringar med økonomiske konsekvensar for kommunesektoren	4 822
Universell utforming av IKT-løysingar – eingongskostnader i 2022	-34 000
Reduksjon i maksimal foreldrebetaling i barnehagen – heilårseffekt av endring i 2022	386 100
Redusert pensjonspåslag for private barnehagar – overgangsordning	-51 100
Endringar i regelverket for AAP– anslått reduksjon i behovet for økonomisk sosialhjelp	-96 432
Samværsplan som følgje av ny barnevernlov	30 376
Statlege og private skular, endringar i elevtal	-102 496
Synstolking – kompensasjon til kommunane	12 536
Tilleggskompensasjon – toppfinansieringsordninga for ressurskrevjande tenester	-25 000
Vidareføring av økte sosialhjelpssatsar	138 284
Prisjustering av sosialstønad, eingongsbeløp i 2022	-71 700
Lovfesting av at kommunen ikkje skal ta omsyn til barnetrygd ved vurdering av søknad om økonomisk sosialhjelp – heilårseffekt av endring i 2022	373 000
Korreksjon for justering av beløp	148
<b>Sum korreksjonar, fordelt etter kostnadsnøkkelen</b>	<b>2 455 595</b>

## Kolonne 9 – Sum korreksjonar med inngåande fordeling

Kolonne 9 viser summen av tre korreksjonar i rammetilskotet i 2023 med inngåande fordeling, som det blir korrigerert for i berekninga av inntektsgarantiordninga for 2023. Alle saker er korrigerert ut med same fordeling som dei vart fordelt med i rammetilskotet i 2022. Dei tre sakene er:

- Midlar til forsøk på barnevernsområdet, som i 2022 vart fordelt særskilt (tabell c) til dei kommunane som deltok i forsøket. Forsøket er avvikla, og midlane skal ikkje lenger fordelast særskilt til desse kommunane.
- Trekk i rammetilskotet i RNB 2022 på grunn av ekstraordinære skatteinntekter knytt til utbytteskatt. Trekket er ikkje vidareført i 2023, og blir dermed korrigert ut frå rammetilskotet i 2022 i berekninga av inntektsgarantiordninga.
- I RNB 2022 vart det lagt inn 300 mill. kroner i rammetilskotet til kommunane knytt til meirutgifter til sosialhjelp på grunn av høge straumprisar. Midlane er ikkje vidareført i 2023, og er derfor korrigert ut frå rammetilskotet i 2022 i berekninga av inntektsgarantiordninga.

### **Kolonne 10 – Korreksjon inndelingstilskot**

Bodø, Vindafjord, Aure og Kristiansund kommunar har fått inndelingstilskot i meir enn 15 år, og tilskotet skal trappast ned i 2023. Dette skal ikkje påverke inntektsgarantiordninga i 2023, og rammetilskotet til desse kommunane kommune blir korrigert for endringa i inndelingstilskot frå 2022 til 2023.

### **Kolonne 11 – Korrigert rammetilskot 2022**

Kolonne 11 viser korrigert rammetilskot for 2022. Kolonnen er lik kolonne 1 minus kolonnane 2–5, pluss kolonnane 6–10. Kolonnen er grunnlaget for utrekning av absolutt korrigert vekst frå 2022 til 2023 (kolonne 18 og 19).

### **Kolonne 12 – Rammetilskot 2023 (før INGAR)**

Kolonne 12 viser rammetilskot til kommunane i 2023, eksklusive ufordelte skjønsmidlar og ufordelt uttrekk i tabell c-k, før utrekning av inntektsgarantiordninga (jf. sum av tabell 1-k, kol. 2–7 og tabell 2-k, kol. 4).

### **Kolonne 13 – Skjønstilskot 2023**

Kolonne 13 viser skjønsmidlar fordelt av statsforvaltaren (jf. tabell 1-k, kol. 7). Kolonnen inneheld ikkje ufordelte skjønsmidlar o.a. Skjønstilskot inngår ikkje i utrekninga av inntektsgarantiordninga og må trekkjast ut av rammetilskotet for 2023 i berekninga av INGAR.

### **Kolonne 14 – Saker med særskild fordeling 2023**

Kolonne 14 viser fordelinga av saker med særskild fordeling. Saker som ligg i tabell C-k skal ikkje inngå i utrekninga av inntektsgarantiordninga, og rammetilskotet for 2023 må korrigerast for dette. Fordelinga i kolonne 14 er dokumentert i tabell C-k.

### **Kolonne 15 – Veksttilskot 2023**

Kolonne 15 viser veksttilskotet i 2023 (jf. tabell 1-k, kol. 5). Veksttilskotet inngår ikkje i inntektsgarantiordninga og må korrigerast ut av rammetilskotet for 2023 før utrekninga av ordninga.

### **Kolonne 16 – Regionsentertilskot 2023**

Kolonne 16 viser regionsentertilskotet i 2023. Tilskotet er dokumentert i tabell 1-k. Regionsentertilskotet inngår ikkje i inntektsgarantiordninga og må korrigerast ut av rammetilskotet for 2023 før utrekninga av ordninga.

### **Kolonne 17 – Inndelingstilskot 2023**

Kolonne 17 viser inndelingstilskotet i 2023. Tilskotet er ein av sakene med særskild fordeling (kolonne 14), som blir halden utanfor utrekninga av inntektsgarantiordninga. Men inndelingstilskotet skal inngå i grunnlaget for ordninga, og blir difor lagt til i berekninga av inntektsgarantiordninga, etter at saker med særskild fordeling er trekte frå.

### **Kolonne 18 – Korrigert rammetilskot 2023**

Kolonne 18 viser rammetilskotet til kommunane i 2023, korrigert for skjønstilskot, veksttilskot og regionsentertilskot i 2023, og saker med særskild fordeling i 2023 med unntak av inndelingstilskotet. Kolonnen er lik kolonne 12 minus kolonnane 13–16, pluss kolonne 17.

### **Kolonne 19 – Absolutt korrigert vekst 2022–2023 (i 1 000 kr)**

Kolonne 19 viser absolutt korrigert vekst i rammetilskotet til kommunane frå 2022 til 2023. Veksten er vist i 1 000 kroner. Kolonnen er lik kolonne 18 minus kolonne 11.

### **Kolonne 20 – Absolutt korrigert vekst 2022–2023 (kr per innb.)**

Kolonne 20 viser absolutt korrigert vekst i rammetilskotet til kommunane frå 2022 til 2023. Veksten er vist i kroner per innbyggjar, og er berekna med utgangspunkt i innbyggjartal per 1. juli 2022. Gjennomsnittleg vekst på landsbasis er 2 112 kroner per innbyggjar. Det gjev ei vekstgrense for å få tilskot gjennom inntektsgarantiordninga i 2023 på 1 712 kroner per innbyggjar ( $2112 - 400 = 1712$ ).

### **Kolonne 21 – Inntektsgarantiordning før finansiering (kr per innb.)**

Kolonne 21 viser inntektsgarantiordninga for 2023 i kroner per innbyggjar, før finansiering av sjølve ordninga. Kommunar som har ein vekst i rammetilskotet (absolutt korrigert vekst) som er lågare enn 1 712 kroner per innbyggjar blir kompensert opp til denne vekstgrensa.

### **Kolonne 22 – Inntektsgarantiordning 2023 (kr per innb.)**

Kolonne 22 viser nettoeffekten av inntektsgarantiordninga i kroner per innbyggjar, altså INGAR inkludert finansiering. Sidan INGAR er ei omfordelingsordning, er alle kommunane med på å finansiere ordninga med eit likt beløp per innbyggjar. I 2023 er finansieringa 41 kroner per innbyggjar.

### **Kolonne 23 – Inntektsgarantiordning 2022 (i 1000 kr)**

Kolonne 23 viser inntektsgarantiordninga i 2023 i 1 000 kroner. Kolonnen er lik kolonne 22 multiplisert med innbyggjartal per 1. juli 2022 (sjå tabell F-k, kolonne 2). Talet på inntektsgarantiordninga blir nytta vidare i tabell 2-k, kolonne 5.